



Sven Ove Mellingen
Slettevegen 772 B
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6952 - 21/9501

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
11.02.2021

Førehandsvarsel med pålegg om tilkopling offentlig avløpsanlegg - gbnr 498/31 Mellingen

Tiltak: Utbetring septiktank og tilkopling offentlig avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr: 498/31
Tiltakshavar: Sven Ove Mellingen

Viser til vårt brev av 13.03.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om det ved tømning den 03.03.2020 vart registrert følgjande avvik i septiktanken på eigedommen din. Det vart meldt om lågt nivå, lekkasje og framandelement i tanken.

Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Framandelement i tanken kan og føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje vert tømt regelmessig, kan slam og avfallstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «(l)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve.


Ved framandelement i tanken, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for deg.

Viser og til e-post sendt til deg den 04.06.2020 med generell informasjon om tilkopling til offentlig vatn – og avløpsordning.

Det ligg kommunale hovudleidningar for vatn og avløp i nærleiken av gbnr 498/31 . Privat veg må kryssast for å komme til kommunal VA kum. Dersom Norva24 AS sin plassering av septiktanken i deira kart er rett, vil avstand frå eksisterande leidningar ut frå bustaden din til kummen vere ca. 20 meter.

Kontakt VVA-avdelinga i Alver kommune med omsyn til om det er høve til å kople eigedomen på kommunalt vatn- og avløpsnett. Dei vedlagte kartskissa viser leidningsnettet i området og Norva24 AS sin plassering av tanken.

Norva24 AS sin kartskisse:



Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg

I følge plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går over eigedomen, i veg som grensar til eigedomen, eller over nærliggjande areal knytast til dei offentlege leidningane.

Grunneigar må sjølv kosta private stikkleidningar og må betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ.

Alver kommune vurderer at eigedomen din fell inn under føresegna om tilknytingsplikt til det kommunale vass-/ og eller avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 27-2.

Frist for å kople seg til det kommunale vass- og/eller avløpsanlegget er **15.08.2021**.

Dette er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg innan **04.03.2021**, vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknytning til det kommunale VA-anlegget og gje deg tvangsmulkt. jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Dine rettår:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

post@alver.kommune.no.

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Kva må du gjer vidare

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkja om tilknytning til kommunalt vass- og/eller avlaupsanlegg, og eventuelt utbetring av avviket i tanken før eigedommen er koplå til kommunalt anlegg.

Dersom vi ikkje får inn melding om at eigedommen din er koplå til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg innan fristen over, kan vi gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt.

Aktuelt regelverk

- Tilknytingsplikta følgjer av pbl. § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sven Ove Mellingen

Slettevegen 772 B

5939 SLETTA